

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Sunniva Marøy Eriksen	Arkiv:	K1-033, K2-F40
Arkivsaksnr:	24/3246 24/21050		

Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	19.09.2024	077/24
Kommunestyret	03.10.2024	069/24

Kommunedirektøren sin innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtek strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune slik det går fram av saka med vedlegg.
2. Både kommunen og politikarar skal ta utgangspunkt i den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa som grunnlag for alle større tiltak og satsingar som kommunen skal gjennomføre når det gjeld tenesteutvikling.
3. Vedtak om større tiltak og satsingar vert gjort av kommunestyret i budsjett- og økonomiplanprosessen eller i eigne saker.

19.09.2024 Formannskapet

Kommunedirektør ved samfunnsplanleggar orienterte.

Turid Humlen (H):

Strategi for heilskapeleg innsats i Sula kommune - nytt kulepunkt i tillegg til det som er føreslått under "Dette vil vi: Sula kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan meistre eigen kvardag:

- Vi skal sikre ein fleksiblilitet i tenestene slik at vi tilbyr rette tenester tilpassa den enkelte innbyggjar sitt behov.

Ved avstemming vart kommunedirektøren si innstilling sett opp mot kommunedirektøren si innstilling med tillegg frå Turid Humlen. Innstillinga med tillegget vart samråystes vedtatt.

- **F077/24 Vedtak:**

Sula kommunestyre vedtek strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune slik det går fram av saka med vedlegg, men med nytt kulepunkt under "Dette vil vi: Sula kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan meistre eigen kvardag":

* Vi skal sikre ein fleksiblilitet i tenestene slik at vi tilbyr rette tenester tilpassa den enkelte innbyggjar sitt behov.

1. Både kommunen og politikarar skal ta utgangspunkt i den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa som grunnlag for alle større tiltak og satsingar som kommunen skal gjennomføre når det gjeld tenesteutvikling.
2. Vedtak om større tiltak og satsingar vert gjort av kommunestyret i budsjett- og økonomiplanprosessen eller i eigne saker.

Bakgrunn for saka:

Sula kommune står framfor eit stort og samansett utfordringsbilete i åra framover. Særleg demografiske endringar med fleire eldre og færre yrkesaktive, hardare konkurranse om å behalde og rekruttere arbeidskraft og ein strammare økonomi, gjer at vi må tenke gjennom alt vi gjer på nytt. Løysingar som vi trudde på i går, viser seg kanskje å ikkje lenger vere berekraftige. Vi må tenke langsiktig, utvikle og forbetra eller endre måten vi jobber på slik at innbyggjarane, både dagens og framtidige, kan få det tilbodet dei har behov. Kommunen må difor gjennom eit omstillingsarbeid der målet er at vi skal nytte våre felles knappe ressursar rett, rettvist og effektivt til det beste for alle.

Med utgangspunkt i behovet for å vidareutvikle tenestene i kommunen til å bli meir heilskaplege og tverrfaglege slik at vi får ein meir effektiv ressursutnytting, vart Agenda Kaupang engasjert vinteren 2023. Oppdraget deira var å levere ei analyse av status for helse- og omsorgsområdet, ei bustadanalyse, samt ei strategisk verktøy for heilskapleg styring. Arbeidet pågjekk i eit halvt år, og involverte både tilsette, politikarar, dei faste råda (Ungdomsrådet, Eldrerådet og Råd for likestilling av personar med nedsett funksjonsevne) og frivilligheita.

På bakgrunn av analysane og anbefalingane frå Agenda Kaupang, men sett i ei ramme som er tilpassa dei utfordringane (og moglegheitene) som kommunen står framfor, er det utarbeida ein strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune.

Saksopplysninger:

Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune skal vere grunnlaget for alle større tiltak og satsingar som kommunen skal gjennomføre når det gjeld tenesteutvikling. Den skal understøtte kommunen sine overordna mål, og vere tett kopla mot andre strategiar og planar i kommunen.

Særleg er strategien knytt til kommunen sin egedomsstrategi (vedtatt 13. juni 2024 i sak 044/24) og langsiktig drifts- og investeringsstrategi (behandlast i kommunestyret 3. oktober 2024). Desse strategiane bygger i stor grad på det same kunnskapsgrunnlaget, men der strategi for heilskapleg innsats handler om korleis effektivisere og omstille kommunen sine tenester, handler egedomsstrategien om ein heilskapelg bustadpolitikk og forvaltning av kommunen sine eigerdommer og bygg, og langsiktig drifts- og investeringsstrategi om korleis drifts- og investeringsprosjekt skal sikre berekraftige tenester innanfor ein berekraftig økonomi.

Eit av måla til strategien er at den skal bidra til å redusere innbyggjarane sine behov for kommunale tenester, sikre eit likeverdig tenestetilbod og sørge for at kommunen kan gi gode tenester til fleire brukarar. Strategien understøtter med dette anbefalinga frå Agenda Kaupang om ei venstreforskyving i tenesteutviklinga til meir heimebasert og meistringsorientert omsorg - noko som vil seie økt fokus på tidleg innsats. Strategien omhandlar difor mellom anna korleis Sula kommunen skal legge til rette for korleis innbyggjarar kan meistre eigen kvar dag. Å kommunisere dette ut på ein god måte til innbyggjarane blir difor ein viktig faktor for å kunne lukkast.

Strategi for heilskapleg innsats vil vere eit viktig grunnlag for den nødvendige omstettingsarbeidet for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling av Sula kommune. For å lukkast med arbeidet er det fleire grep som må bli gjort samtidig. Til dømes vil det vere avgjerande å fokusere på kompetanse, handlingsarbeid og forventningsavklaringar. Det er også viktig at kommunen tek i bruk nye arbeidsmetodar og nye faglege tilnærmingar.

Vurdering:

Økonomiske og administrative konsekvensar

Strategien i seg sjølv fører ikkje til økonomiske og administrative konsekvensar, men dersom vi lukkast med strategien vil dette kunne bidra til omstillinga til ein berekraftig økonomi for kommunen.

Tiltak og satsingar av større økonomisk størrelse eller omfang som kommunen gjennomfører, vil bli omtalt særskilt i budsjett- og økonomiplanen, og krev såleis politisk godkjenning. Øvrige mindre tiltak og satsingar som kommunen meiner vil understøtte strategien vil bli dekt av eksisterande vedtatte budsjettrammer.

Tittel	Dok.ID
Vedlegg - Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune	737010

